

Merknadskjema

Det er kome inn 10 innspel til planprogrammet som vart lagt på høyring frå 20.10.2016 til 09.12.2016. Åtte innspel er frå offentlege instansar og to er frå private aktørar. I dette skjemaet vert alle innspela sammenfatta og fulgt opp med kommentarar frå kommunen. Innspela er innarbeidd i planprogrammet som vart lagt fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Dato	Innspel	Oppfølging/kommentar frå administrasjonen i Fusa kommune
08.12.2016	Hordaland Fylkeskommune /Regionalavdelinga	
	<ul style="list-style-type: none"> - Relevante planfaglege innspel: God løysing å nytte retningslinjene for akvakultur frå regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (høyring 2017) - Kunnskapsgrunnlag frå planarbeidet med regional plan bør nyttast i planarbeidet, lenke til kartløysing: Regional kystsoneplan - Om kapittel 2: oppdater nasjonale forventninger (2015), særlig relevant: «Fylkeskommunen og kommunen sikrer tilstrekkelig areal til fiskeri- og havbruksnæringen i kystsoneplanleggingen, og avveier dette mot miljøhensyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet sees i et regionalt perspektiv.» - Hordaland Fylkeskommune sitt regionale utviklingsprogram (RUP) er erstatta av årlege handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland; HNH - Regional næringsplan har tre strategiar. Handlingsprogrammet for 2016 fokuserar mellom anna på marin sektor. <ul style="list-style-type: none"> - <i>stimulere til ein berekraftig marin sektor i heile verdikjeda</i> - <i>Sikre næringa areal for berekraftig vekst og utvikling</i> - <i>Samarbeid om marin næringsutvikling på Vestlandet</i> - Bra opplegg for dialog/medverknad frå aktuelle organ og interesser - Akvakultur: Arealplanen bør tilpassast næringa sine noverande og framtidige behov. Rullering av sjødelen bør gjerast i dialog med alle partar dette vedkjem – særleg næringa, offentlege etatar og i lag med nabokommunar. - Geografisk informasjon om alle godkjente 	<p>Kommunen vil nytte retningslinjene til vedteken kystsoneplan når vi vurderer innspel til lokal arealbruk.</p> <p>Vert ein del av kunnskapsgrunnlaget</p> <p>Oppdaterast</p> <p>Takast til orientering</p> <p>Det skal etablerast god dialog i det vidare planarbeidet.</p>

<p>akvakulturkonalitetar (+ sosi/shape) : fiskeridirektoratet sitt elektroniske kartverktøy</p>	<p>Takast til etterretning</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig at akvakulturområda vert så store at ein tek høgde for næringsutvikling både med omsyn til omstrukturering av lokalitetane og mogelegheit for ny teknologi og nye artar. Oppmodar kommunen om dialog med næringa, og med fylkeskommunen for innspel. 	<p>Takast til etterretning</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Positiv til at kommunen tek høgde for nye artar (døme: tareproduksjon) 	<p>Dette vil vi sjå nærmere på saman med næringa</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Viser til Kvinnherad sitt arbeid med KPA, og løysingar som kan vera aktuelle for Fusa 	<p>Takast til orientering</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Føresegnene bør supplerast med at det er høve til å legge fortøyningar og forankringar i fleirbruksområde utanfor området avsett til akvakultur, døme; 	<p>Takast til etterretning</p>
<p style="padding-left: 40px;">"6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, MED TILHØYRANDE STRANDSONE, PBL § 11-7 NR. 6 <i>Bruk og vern av sjø og vassdrag, fleirbruksområde</i> <i>6.1 Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdslle og fiske, jf. pbl § 11-7 nr. 6.</i> <i>6.2 Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdslle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg. Dette er likevel ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur eller utlegging av sjøleidningar for vatn, avlaup, varmepumper, straum- og telenett.</i> <i>Heimel: Pbl § 11-11 nr. 3."</i></p>	<p>Takast til etterretning</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig med store område, slik at ein unngår dispensasjon 	<p>Takast til etterretning</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Ny teknologi (døme: lukka einingar) kan krevje meir skjerma område for etablering. Og det kan være aktuelt med tilkomst til land (ilandsføring av førspill, tilgang til ferskvann(sjukdomsførebyggjande) og straum etc.) 	<p>Dette vil vi sjå nærmere på saman med næringa.</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Areal og transport: det bør utgreiast for sjøtilkomst og sjønære areal for akvakulturnæringa, og andre aktivitetar/næringer med slike behov. Bruk av sjøareala med sjøtransport og rekreasjon m.m. noverande og framtidig bør omtalast og vurderast i høve til arealbruk og arealbehov, med vurderingar av korleis dei ulike interesseområda vert påverka av kvarandre. Det er forventa vesentleg vekst rundt Bjørnegfjorden og dette må vurderast/analyserast. 	<p>Det kan utarbeidast temakart over lokalitetar som vert nytta til parkering/transport til og frå anlegg, og det kan gjerast ei vurdering av slik bruk i forhold til andre interesser. Det bør i tillegg gjerast ei vurdering av behovet for større landareal knytt til kvar enkelt lokalitet. Men det er viktig å vera tydeleg på at kommunedelplanen gjeld <i>sjødelen</i> av arealplanen, og ikkje opp på land.</p>
<ul style="list-style-type: none"> - Naturmangfold: Bjørnefjordbassenget er eit økosystem. Eit godt kunnskapsgrunnlag om økosistema i Bjørnefjorden bør skaffast fram, presenterast og 	

	<p>leggjast til grunn i planarbeidet for å sikra ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa og forsvareg forvalting av økosystemet.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppsummering: Positive til kommunedelplan for akvakultur, og vise til kunnskapsgrunnlaget i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. 	<p>Takast til etterretning. Kunnskapsgrunnlag om økosistema i Bjørnefjorden skal skaffast fram.</p> <p>Takast til orientering</p>
01.12.2016	Fylkesmannen i Hordaland	
	<ul style="list-style-type: none"> - I planprogrammet er det vist til føringar for planarbeidet, interkommunalt samarbeid er omtalt, og ein ser på organisering og medverknad i planprosessen. Men planprogrammet gjev lite informasjon om kva behov kommunen meiner det er for utgreiingar i planprosessen. - Viser til uttalen som vart gjeve til kommuneplan 10.09.2015: <p>«Nasjonale føringar for akvakultur seier at utvikling og vekst i næringa skal skje innanfor ei berekraftig ramme. Fusafjord kommune ønsker å ha ei livskraftig og berekraftig havbruksnæring. I kommuneplanen har ein foreslått tre nye område for akvakultur, ved utviding og stadfesting av dagens arealbruk.</p> <p>Fleire område har blitt opna for gjennom dispensasjoner og har ikke blitt tilstrekkeleg utgreidd. <u>Konsekvensutgreiingar som skal leggjast til grunn for kommuneplanar i fjordsystemet Bjørnefjorden - Fusafjorden må omfatte heile fjordsystemet dersom det skal vere relevant som av-gjerdsgrunnlag for arealdelen.</u> Det er no ute på høyring forslag til regional kystsoneplan for Hordaland. Denne planen tek opp ein del overordna problemstillingar knytte til miljø-påverknad frå næringa, men gir etter det vi kan sjå likevel ikkje meir konkret kunnskap om situasjonen i og rundt Fusafjorden.</p> <p>Vi kjenner ikkje bestandsstatus til vill anadrom fisk i Fusafjord. Fylkesmannen legg til grunn at dagens akvakulturanlegg påverkar bestandar av vill laksefisk i fjordsystemet negativt. Fylkesmannen er på denne bakgrunn kritisk til å fastsette nye areal for oppdrettsområde i sjøen i kommuneplanen. <u>Vi støttar kommunen i at det ikkje skal leggjast ut nye område til akvakultur i Henangervatnet og Skogseidvatnet, eit område med store frilufts- og natur-kvalitetar.</u> Vi oppfattar forslaga VA 1 Drageid og VA 2 Tombre som mindre justeringar for dagens settefiskanlegg. Konsekvensutgreiinga tilrår akvakultur på område 22.13.4 Lyngnes. Då dette ikkje er vist eller omtalt i planen, legg vi til grunn at det ikkje inngår i arealdel.</p> <p>Konklusjon: Ved ein meir omfattande gjennomgang, har det vist seg at temaet akvakultur etter Fylkesmannen sitt syn er ufullstendig handsama og utgreidd i planen. Mellom anna ligg det inne ein lokalitet som er etablert på dispensasjon, men ikkje utgreidd eller vist i kartet. I sum finn Fylkesmannen det ikkje</p> 	<p>Det er behov for eit breiare kunnskapsgrunnlag om økosistema i Bjørnefjorden. Det er også behov for å kartlegge utfartsårer/parkering/landareal</p> <p>Konsekvensutgreiing som skal leggjast til grunn for kommunedelplanen skal omfatte heile fjordsystemet .</p> <p>Takast til orientering</p>
		Akvakultur vart ikkje inkludert i det endelige framlegget til ny arealplan for

<p>mogeleg å ta stilling til planen si løysing for akvakultur-temaet. Kommunen uttrykte forståing for dette synet og signaliserte at ei løysing i denne omgangen kan vere å ta ut dette temaet før planvedtak og samstundes kome raskt i gang med eit komunedelplanarbeid. Helst bør ein sjå heile fjordsystemet samla i ein slik planprosess. Fylkesmannen støttar dette. Ved å «fryse» dagens situasjon og starte på eit eige planarbeid, vil ein kunne skaffe fram naudsynt kunnskap, vurdere verknader ut frå reelle sumverknader og samla belastning og ved det legge grunnlaget for ei berekraftig utvikling av næringa vidare.»</p> <ul style="list-style-type: none"> - Når ein skal vurdera sumverknader og samla belastning for fjordsystemet i samsvar med nml. § 10 kjem ein ikkje utanom å vurdera fjordsystemet samla. - Fylkesmannen oppfordrar på det sterke til at interkommunalt samarbeid vert vurdert på nytt. - Kunnskapstilfanget som skal leggjast til grunn for komunedelplanen må være interkommunal i den forstand at verknader av planforslaget for sjøarealet i tilstøytande kommunar også må vurderast i dette planarbeidet. - Det vil kunne vera aktuelt for fylkesmannen å gje skjønnsmidlar til interkommunalt arbeid med kjommunedelplan for akvakultur dersom alle kommunane deltek. 	<p>Fusa kommune.</p> <p>Takast til etterretning. Det er behov for eit breiare kunnskapsgrunnlag.</p> <p>Takast til orientering</p>
<p>31.10.2016 Forsvarsbygg</p> <ul style="list-style-type: none"> - Forsvaret har skyte- og øvingsfeltet Strandvik K3, og påpeikar behovet for at Forsvarets eksisterande øvingsaktivitet i området anerkjennast slik at denne kan oppretthaldast og videreførast i same omfang som i dag. Og at den delen som omfattar bruk av fartøy med høg fart og hekkbølger ikkje vil medføre krav om erstatning som følgje av lokalisasjon av akvakulturanlegg. - Elles ingen merknader. 	<p>Takast til etterretning</p>
<p>05.12.2016 Kystverket vest</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det må takast særlig omsyn til skipstrafikk og rigg/ankringsområder ved val av akvakulturområder og fortøyningsareal. - Kystverket ber om å bli involvert i arbeidet og ønsker å gå igjennom aktuelle områder saman med kommunen før høyring av planframlegget. 	<p>Takast til etterretning</p> <p>Kommunen ønskjer å invitere til arbeidsmøte før høyring av planframlegget. Eventuelt intern høyring.</p>

<p>08.12.2016</p> <p>Fiskeridirektoratet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Positive til planprogrammet, fokusområda, retningsliner og føringer, og organisering av planarbeidet. - Fokusområda er i tråd med kva Fiskeridirektoratet har gjeve innspel om tidlegare. - Ber om at kommunen fører dialog med fiskarane sine interesseorganisasjonar i planprosessen (viser til Fiskarlaget vest og Midthordland fiskarlag). - Legg ved uttalar til KPA 2015-27, datert 12.07.2013 og 27.08.15: <p>Samandrag frå uttale gitt til planprogram for arealdelen av kommuneplan - 12.07.2013:</p> <p><i>Fiskeri og marine ressursområder</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig å sjå sambandet mellom arealbruk på land og i sjø. Planlegging av bustad- og hytteområde nær sjø vil generere trøng for å nyte sjøareal t.d. tilknyta etablering av småbåthamn og marinaanlegg. Det kan medføre konfliktpotensial med fiskeområde/ akvulturverksemde. - Sikre viktige fiskeområde og marine ressursområde gjennom arealplanlegginga. Ressursområde (t.d. gyteområde) må sikrast mot arealbruk som kan representerer trugsmål. Dette er viktig for fiskaranes driftsgrunnlag og for marint mangfold. - Sikre registrerte gyteområde for torsk i arealplanen – dette gjeld også ålegrasenger. Dette er registrert på http://kart.fiskeridir.no/adaptive/ <p><i>Låssettingsplassar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Vært nytta i samband med fiske etter pelagiske artar som makrell, sild, brisling og pale og er område kor fiskarane oppbevarer levande villfisk i steng/lås fr fisken vert levert. Dette er sjøområde kor straum, djupne, topografi og andre natyrgitte tilhøve er unike for oppbevaring av levande fisk. Områda har høg verdi for kystfiskarane, og vi ber om at slike område vert teke inn som kategori område for fiske. Områda ligg på kartløysinga lenka til over. <p><i>Fiskeområde</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Fortøyningssystem frå oppdrettsanlegg eller andre faste installasjonar kan medføra konflikt med fiske – ein må ha fokus på denne problemstillinga ved planlegging i 	<p>Takast til orientering</p> <p>Kommunen ønskjer å invitere til eit arbeidsmøte før høyring av planframlegget. Eventuelt intern høyring.</p> <p>Dette vil vi sjå nærmere på saman med næringa</p> <p>Gyteområde(GY) er sikra i arealplan for Fusa 2015 – 27. Lokalitetane er merka på plankartet med GY i Holmefjord, Eikelandsosen, Sævareid og Lygrepollen.</p> <p>Låssettingsplassar kan markerast som område for fiske.</p> <p>Det er fokus på dette.</p>
--	--

<p>sjøområde. Områda ligg på kartløysinga lenka til over.</p> <p>Akvakultur</p> <ul style="list-style-type: none"> - Viktig å sikre tilstrekkeleg representasjon frå næringa i planprosessen. Dei sit på informasjon om utvikloingstrekk og trong for areal. - Synleggjere totalt arealbruk, ikkje berre overflata, men og i vassøyla og sjøbotn. <p>Samandrag uttale gitt til høyring av arealdelen av kommuneplan - 27.08.15</p> <ul style="list-style-type: none"> - Slår fast at innspela til planprogrammet i hovudsak er fulgt opp, men ønskjer avklaring på nokre spørsmål før endeleg vedtak: - Er plankartet tilstrekkeleg kvalitetsikra og oppdatert m.o.t. gyldige løyve etter akvakulturregisteret? Peiker på lokalitet 24035 Håvikvågen S som ikkje er kome med, medan det er satt av ak-område på tross av at løyva er trekt like nord for denne. - Konstaterer at gyteområda som er teke med i planforslaget er i samsvar med fiskeridirektoratet sine registreringar og meiner at planen generelt ivaretok interessene knyttt til fiskeritema. - Meiner det er trong for ei retningslinje der det går fram at ambulerade verksemder som fiske er tillate i sjøområda 'Strandvikflaket' og 'Vennesflaket' så lenge det ikkje kjem til hinder for oppankring. Meiner føremålet kan vera kombinert 'ankring/fiske'. 	<p>Kommunen ønskjer å invitere til eit arbeidsmøte før høyring av planframlegget. Eventuelt intern høyring.</p> <p>Takast til etterretning.</p> <p>Lokalitetane slik dei vart presentert i planframlegget i 2015 må handsamast på nytt grunna manglande kunnskapsgrunnlag.</p> <p>Takast til orientering.</p> <p>Områda kan markerast med ankring/fiske i planframlegget.</p>
<p>13.12.2016 Bergen sjøfartsmuseum</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vil ha meir detaljerte kommentarar når planforslaget vert presentert. Viser til at det må takast omsyn til havneområder for skotthandel og til kjende ankringsstader. - Ustlepp frå akvakulturæringa vil kunne ha innverknad på skipsvrak og andre kulturminne under vatn. 	<p>Takast til orientering</p>

01.12.2016

AS Bolaks

- Det er viktig at næringa får tildelt nok eigna areal til verksemda, og at areala må være store og gode nok til å kunne dekka framtidige behov for tilpassing til ny teknologi og nye driftsfromer.
- Næringa utviklar seg fort, og ny arealplan må ta omsyn til ei framtidig utvikling for å unngå behov for dispensasjonar.
- Det vil vera viktig å behalda nokre av dei eksisterande akvakulturområda som ikkje lenger er eigna til lakseoppdrett for å kunna bruka det til nyvinningar. Ber om at slike areal ikkje vert nedlagt som akvakulturområder i kommunedelplanen, då dei vil kunne nyttast til andre føremål enn lakseoppdrett.
- Meiner det er ubalanse mellom verneperspektivet og næringsperspektivet i regional kystsoneplan, og at konklusjonane i utkastet til den planen ikkje kan leggjast til grunn for kommunedelplan for akvakultur i Fusa, då den heller ikkje samsvarer med ordlyd og intensjonar i samfunnssdelen til Fusa kommune.
- Meiner planprogrammet har gode intensjonar om å leggja til rette for balansert utvikling av akvakulturnæringer i Fusa
- Det er viktig at næringsaktørar og organisasjonar får ei sentral rolle når innhaldet på detaljnivå skal utarbeidast innafor fokusområda. Det er dei som kjenner næringa sine behov, regelverk, historikk og utvikingstrendar.
- Det er viktig å ha eit framtidsretta perspektiv – mulegheiter for fleksibilitet og formuleringar i føresegne som gjev rom for tilpassing til nye driftsformer og driftsforhold.
- Under planarbeidet må ein skilje tydeleg mellom det som skal regulerast av sektorlover og som skal regulerast igjennom kommunale planar.

Dette vil vi sjå nærare
på saman med næringa

Regional kystsoneplan for Sunnhordland
og Hardanger er ein overordna plan som
legg føringer for kommunal
arealforvalting. Planen er ikkje vedteken
enno. Kommunen meiner det er gunstig å
leggja den til grunn allereie no då
arbeidet er i sluttfasen

Dette vil vi sjå nærare
på saman med næringa

27.10.2016	Byggadministrasjonen H.Bjørndal a.s.	
	<ul style="list-style-type: none"> - Meiner det er viktig at kommunen fokuserer på landdelen av anlegga. Enkelte har flytebrygge og parkeringsplass, andre har bygg og kaianlegg. Mange av desse landanlegga ligg i dag som LNF i KPA, noko som får konsekvensar for oppdrettar når ein skal gjere naudsynte tiltak knytt til lokaliteten. Kanskje må han flytte/endre flytebrygge, adkomst, bygningar mm. Meiner at kommunen må sjå til at alle lokalitetar har eit itlhøyrande næringsareal på land. Dette kan være adkomstvge, pp, mindre flytebrygge/kaianlegg og mindre bygnignar. Ein må sikre at oppdrettar kan leggje tilretet for rasjonell drift utan å småtte søkje dispensasjon. - For eksempel ligg landdelen (klekkeri og andre bygg) tilhøyrande anlegget i Drageide i LNF område. Det same gjeld anlegga på Tombre, deler av anlegga i Eidestøa, lokalitet i Bergegrend, Bolaks sitt anlegg i Lygropollen og heile anlegget i femanger ligg alle i LNF-område. - Ber om at denne merknader vert teken med i det vidare arbeidet og at landdelen til all oppdrettsaktivitet i kommunen vert teke med. 	<p>Dette vil vi sjå nærmare på saman med næringa.</p> <p>Det kan utarbeidast temakart over lokalitetar som vert nytt til parkering/transport til og frå anlegg, og det kan gjerast ei vurdering av slik bruk i forhold til andre interesser. Det bør i tillegg gjerast ei vurdering av behovet for større landareal knytt til kvar enkelt lokalitet. Men det er viktig å vera tydeleg på at kommunedelplanen gjeld <i>sjødelen</i> av arealplanen, og ikke opp på land.</p>
06.12.2016	Norges vassdrags- og energidirektorat	
	<ul style="list-style-type: none"> - Ingen merknader 	
04.11.2016	Statens vegvesen	
	<ul style="list-style-type: none"> - Ingen merknader 	